



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Rikke Haagensen		22/1263

Vedtekter for Vaksdal næringssselskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren innstiller på at vedlagte vedtekter blir gjeldane for Vakdal Næringssselskap frå den dato vedtektene er politisk handsama og, etter prosess, formelt vedteke.

Bakgrunn for saka

Det skal lysast etter og ansetjast ny dagleg leiar i Vaksdal næringssselskap. I samband med den prosessen vil ein nytte høvet til å gå gjennom dei overordna vedtektene for selskapet. Framlegg til nye vedtekter fylgjer denne saka. Dei nye vedtektene er endra slik at dei støtter overordna føringar og mål i kommunen.

Når vedtektene ligg føre vil ordførar kalle inn til ekstraordinær generalforsamling. Etter generalforsamling vil det sitjande styret ta tak i prosessen med å finne ny dagleg leiar. Samstundes må det arbeidast med å konkretisere overordna føringar i Strategisk næringsplan. Men skal ein kome vidare i prosessen må det først fattas vedtak om vedtekter for selskapet. I prosess etter vedtekter føreligg må styrehonorar, etiske retningsliner og retning for det daglege arbeidet i næringssselskapet utformast. Dette ligg til styret, i samhandling med største eigar, å få på plass dette slik at selskapet så raskt som mogeleg kan vere eit operativt næringssselskap..